

Vekeplan 7.trinn

Lye Skule

Veke 24



Timeplan 7.trinn Lye skule

Timeplan 7. trinn 2025-2026

Økt	Man	Tys	Ons	Tor	Fre
1.økt 08:30- 10:00	Øving	Ballturnering	Øving	Matematikk/ Engelsk	Diktat Kunst og håndverk
2.økt 10:15- 11:15	Kroppsøving	Ballturnering	Naturfag	Engelsk/ Matematikk	Kunst og håndverk
3.økt 12:00 - 13:00	Matematikk	Ballturnering	Kroppsøving	Naturfag	Sosial utvikling/ Øva til avslutningsfest
13:00- 13:20				Fysisk aktivitet	
4.økt 13:10- 14:10 (torsdag 13:20- 14:20)	Utetime		Sjå ferdig team pølsa.	Øving	

Til heimen:

Vi øvar ein del til avslutningsfesten. Den blir **onsdag 17.06 kl. 18:00**. Då er det fyrst underholdning og talar i aulaen, etterpå blir det mat og fest i klubbhuset. Sett av datoen! 😊

Minner samtidig om skolegardsfesten som er **torsdag 11. juni.18:00**. Hugs at 7. trinn foreldre spelar fotball mot elevane.

Fotball- og kanonballturnering 2026

Ein av dei mange gilde tradisjonane på Lye skule, er fotball- og kanonballturneringa. **Tysdag den 9. juni** er det tid for felles turnering for elevane på 4.-7.trinn.

Elevane møter til vanleg tid, klokka 8.30 og har ei kort økt i lag med klassen, før alle samlast ferdig kledde på banane der dei skal spela seinast 09.10.

Dei første kampane startar klokka 09.15. Jentene spelar fotball på kunstgrasbanen, her går også kanonballkampane. Gutane spelar kampane på grasbanen.

Kampane går fram til klokka 10.50. Frå 10.50 til 11.30 er det matpause.

Laget et saman, og ein hentar mjølk og frukt til dei som skal ha.

I sekken tek du med:

- nudlar/«rett i koppen» eller matpakke. Gaffel/skei

- godt med drikke (vatn)
 - ekstra sokkar og genser/vindtett jakke
 - regnklede (sjekk vêrmeldinga)
 - dei som skal ha fotballturnering: klede til å vera aktive i, fotballsko/joggeskio og leggbeskyttarar.
 - dei som skal kanonballturnering: klede til å vera aktive i og joggesko.
- Klokka 11.35 startar dei siste rundane med kampar som endar med finalespel klokka 12.35.
Skulen sluttar til vanleg tid, 13.00. Me avsluttar dagen på banane.

Lekseplan:

til tysdag	til onsdag	til torsdag	til fredag	Hugs
Lesing:Norsk	Lesing:Norsk	Lesing:Engelsk	Lesing:	
Les, lytt og lær songen «for siste gang» til avslutninga. Ligg i showbie i «Musikk» fag skulen.	Finn deg ei god bok og kom i gang med sommarles. Les minst 15min. https://sommerles.no	A: les side 176 i Explore til du får ein god flyt, og les ein gong for en vaksen. B: Les teksten s.176-177 i Explore til du får ein god flyt, les ein gong for ein vaksen. Oversett orda du er usikker på. <u>Øv godt på desse orda:</u> Connection = samanheng Followed by = etterfølgt av Demands = krev Stubborn = sta Aware of = klar over Worldwide = verda rundt Encourages = oppfordrar Turn off = skru av	Les vidare i boka og legg inn i sommeles, les minst 15 min. https://sommerles.no	
Rekning :	Innføring:		Diktat/Finskrift:	
Jobb med nasjonal prøve 2023 for 8. trinn i Kikora. Jobb minst 15 minutt. Hugs blyant og papir til utrekning.	Gjer innføringa. Hugs å skrive så fine tal som du klarer. Hugs linjal. Hugs likt mellomrom mellom oppgåvene.	Jobb med nasjonal prøve 2023 for 8. trinn i Kikora. Jobb minst 15 minutt. Hugs blyant og papir til utrekning.	Øv rettskriving til diktaten i morgon. Vi skriv på ipad i partalsveker og for hand i i oddetalsveker.	

Diktat Veke 24:

Personar med høgare teknisk utdanning kallar me ingeniørar.
Ein restaurant er det same som ein serveringsstad.
Ein journalist er ein redaksjonell medarbeidar i avis, radio eller TV.
Ein attraksjon er noko som lokkar og trekkjer folk.
Engasjement er det same som interesse eller begeistring.